

## PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I HELSE VEST RHF

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Vest RHF i møte den 2. oktober 2018, og har hatt følgjande samansetning:

- leiar: Toril Østvold
- nestleiar: Oddvin Næsse
- medlem: Hilde Christiansen

### Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunngjeringar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 13. februar 2019
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 2. januar 2019
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 23. januar 2019
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: [www.helse-vest.no](http://www.helse-vest.no)

Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidig motteke innan fristen den 2. januar 2019 frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund og Den norske legeforening, jf. forskrifta § 5 og § 10.

Kunngjering om forholdstalsval i Helse Vest RHF er utført elektronisk innan fastsette fristar.

### Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

1. **Wenche Kristin Røkenes**, Helse Førde, KTV Helse Vest
2. **Bente Pilskog**, Helse Bergen, KTV Helse Vest
3. **Bjørn Egil Vikse**, Helse Fonna, klinikkoverlege

Varamedlemmar:

4. **Jan Erik Nilsen**, Helse Stavanger
5. **Arvid Storegjerde**, Helse Fonna, spesialhjelpepleier, klinikktilitsvalgt
6. **Britt Heidi Tefre**, Helse Bergen, jordmor, HTV
7. **Janne Kristine Bethuelsen**, Helse Stavanger, KTV Helse Vest
8. **Rolf Unneland**, Helse Bergen, driftsleder, FTV

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

*"Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er forslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende."*

### **Funksjonstid og møteplikt**

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre han/ho har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Helse Vest RHF ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Helse Vest sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alle kunngjeringane som er nytta for heile prosessen.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 12. februar 2019

  
Toril Østvold  
Leiar

  
Hilde Christiansen  
Medlem

  
Oddvin Næsse  
Nestleiar